

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 01.04.2009 **Tid:** 15.00 – 20.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte , 7 inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Gunnar Bruvik

I staden møtte:

Jon Magne Bøgevik

Andre som var tilstade på møtet:

Plan.- og miljøkonsulenten til og med sak 9, sakshandsamar for byggjesaker f.o.m. sak 11, leiar av teknisk eining og administrasjonssjef.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 2. april 2009

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Leiaran etterspurde eit større kart til sak 13 og referansar til tidlegare handsamingar i sakene 6 og 16. Det vart opplyst frå administrasjonen at sak 6 ikkje hadde vore politisk handsama tidlegare, men at spørsmål om omregulering hadde vore drøfta. Med desse merknadane vart innkalling og sakliste samrøystes vedtekne.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes vedteken.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Fylgjande var sendt ut saman med innkalling:

- Skriv frå Vaksdal kommune som vedkjem kraftline Grønsdal – Boge med oppmoding om at kommunen tek saka opp att. Utvalet drøfta spørsmålet. Det vart konkludert med at saka ikkje vert teken opp att før det evt. ligg føre ny informasjon frå BKK.
- Notat med orientering om vidare arbeid med strandsoneplan. I notatet vart det spurt om korleis utvalet vil arbeida med planen. Utvalet tok framdriftsplanen til etterretning. Dei bestemte at vidare arbeid skal skje i heile utvalet. Første arbeidsmøte vert sett til 15. april kl 15.00 – 17.00
- Notat om ras på Liavegen. Leiar av teknisk eining orienterte meir utdjupande til notatet som var sendt ut. Drøftingane vidare gjekk på korleis oppsitarane skulle orienterast og om det evt. skulle fremjast sak om løyving for å få gjennomført vidare sikringsarbeid. Rapporten frå Sweco er offentleg og kan utdelast til oppsitarane som informasjon. Slik rapporten vert lest er det neppe snakk om akutt trong for ytterlegare rassikring, utbetring av vegen må inn i arbeidet med økonomiplan.

Bjørn Sævild som er leiar i den kommunale steinnemnda orienterte om arbeidet. Det vert no fremja sak til personal- og økonomiutvalet med førespurnad om midlar til planarbeid knytt til plassering av steinmassar.

Olaug Øystese orienterte frå årsmøtet i Bergen og Omland friluftsråd. I løpet av våren vil det verta ei markering av friområdet på Rolvsvåg. Her er det gjort eit omfattande arbeid.

Gunnveig Loe har saman med representantar frå administrasjonen delteke på studietur til England der tema var landskapskonvesjonen. Samnanger kommune er saman med kommunane Granvin, Sund og Lindås med i eit prosjekt i regi av Hordaland fylkeskommune og fylkesmannen i Hordland. Det vart gitt orientering om turen.

Leiar av teknisk eining orienterte om vassforsyningsproblem på Frøland og Totland, og dei diskusjonane som har vore med BKK om at kommunen evt. overtar ansvaret.

Han orienterte og om planane om å leiga lokale hjå BKK på Frøland for å få samlokalisert drift og vedlikehaldsgjengen på teknisk.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit viste til at det skjer bygging med m.a. anlegging av veg på Nymark. Han ba om at det vart undersøkt nærare kva det er søkt om og kva som er gitt løyve til. Informasjon vert gitt saman med utsending av møteboka.

Sigmund Dyrhovden viste til dei mange sakene om kraftlinjer og kraftutbygging. Han meinte at det burde foretakast ein heilskapsvurdering av denne type spørsmål, gjerne gjennom ein samla plan.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0006/09	08/00154 ENDRING AV REGULERINGSPLAN BUSTADFELT STEINSLAND
0007/09	09/00123 ENDRING AV REGULERINGSPLAN YTRE TYSSE.
0008/09	08/00221 UTTALE TIL KONSESJONSSØKNADER
0009/09	09/00079 NY UTBYGGING I SAMNANGERVASSDRAGET. UTTALE TIL MELDING MED FORSLAG TIL UTREDNINGSPROGRAM
0010/09	08/00555 BYGGJESAK NAUST GNR 25, BNR 157.
0011/09	09/00022 DELINGSSAK GNR 26, BNR 12.
0012/09	09/00025 SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA RIDEBANE PÅK GNR 19, BNR 8.NORDVIK
0013/09	09/00041 RIVING AV EKSISTERANDE BUSTAD / OPPFØRING AV NY GNR 5, BNR 3.
0014/09	09/00108 DISPENSASJON I BYGGJESAK GNR 34, BNR 34C.
0015/09	08/00324 VURDERING AV VERN AV EIKEDALSVASSDRAGET.
0016/09	07/00029 KOMMUNALE VEGAR.

0006/09

ENDRING AV REGULERINGSPLAN BUSTADFELT STEINSLAND

Framlegg til vedtak::

I medhald av delegasjonsreglementet for Samnanger kommune § 4.2.01 gjerast følgjande vedtak:

Naturutvalet vedtar reguleringsendring av gnr 25/101 frå skogbruk til boligformål i Reguleringsplan for del av Steinsland-Gjerde stadfesta 17.6.1971.

Berørte partar tilskrivast med brev med informasjon om klagerett.

Heimel for vedtaket er Plan og bygningslovens § 28-1 nr. 2.

Det vert ikkje gjennomført ytterlegare planarbeid med reguleringsplan for del av Steinsland – Gjerde.

Handsaming i møte:

I møtet vart det lagt fram eit notat som oppsummerte tidlegare drøftingar og merknader frå naboar og andre interessenter. Saka var oppe til drøfting i 2000.

Det vart røysta for og mot framlegget. 4 røysta mot og 3 for. Med dette fall framlegget, noko som inneber at det ikkje vert starta opp arbeid med reguleringsplan på Steinsland.

Vedtak:

Det vert kkje føreteke endringar av reguleringsplan for Steinsland.

0007/09

ENDRING AV REGULERINGSPLAN YTRE TYSSE.

Framlegg til vedtak::

I medhald av delegasjonsreglementet for Samnanger kommune § 4.2.1 fattar naturutvalget følgjande vedtak:

Det vert starta opp ein mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Ytre Tysse vedteken 23.09.2004, sist revidert 12.11.2004, med tilhøyrande reguleringsføresegner. Følgjande punkt søkjast omregulert:

1. Garasje på kai skal regulerast om til offentleg trafikkareal.
2. Høgdebasseng skal regulerast inn i grensa mellom utmark og bruk nr. /3 og /12. Storleik ca 10x10 meter.
3. Lenging av traktorveg fram til høgdebasseng
4. Slamavskiljar flyttast inn på B2
5. Reguleringsplanen skal heimla krav om at luftkablar skal i bakken.

6. Justering av grensa mellom bustad og park FR3
7. Første etasje i bygningar langs miljøgata skal regulerast til næring.
8. Endra kaiutforming med pir.

Heimel for vedtaket er Plan-og bygningslovens § 2

Handsaming i møte:

Administrasjonssjefen sette fram framlegg om endring av delar av det utsendte framlegget:
 ... Følgjande punkt skal vurderast omregulert.

7. Første etasje i ein del bygningar langs miljøgata skal regulerast til næring.

Sture Tveit sette fram slikt framlegg:

Tilråding som frå administrasjonssjefen med denne endringa:

Punkt 7 i punkt omregulering går ut.

Det vart røysta alternativt over framlegga. 1 røysta for framlegget frå Sture Tveit og 6 for framlegget frå administrasjonssjefen.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglementet for Samnanger kommune § 4.2.1 fattar naturutvalget følgjande vedtak:

Det vert starta opp ein mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Ytre Tysse vedteken 23.09.2004, sist revidert 12.11.2004, med tilhøyrande reguleringsføresegner. Følgjande punkt skal vurderast omregulert:

1. Garasje på kai skal regulerast om til offentleg trafikkareal.
2. Høgdebasseng skal regulerast inn i grensa mellom utmark og bruk nr. /3 og /12. Storleik ca 10x10 meter.
3. Lenging av traktorveg fram til høgdebasseng
4. Slamavskiljar flyttast inn på B2
5. Reguleringsplanen skal heimla krav om at luftkablar skal i bakken.
6. Justering av grensa mellom bustad og park FR3
7. Første etasje i ein del bygningar langs miljøgata skal regulerast til næring.
8. Endra kaiutforming med pir.

Heimel for vedtaket er Plan-og bygningslovens § 2

0008/09

UTTALE TIL KONSESJONSSØKNADER

Framlegg til vedtak::

Med heimel i § 4.2.01 i Delegasjonsreglement for Samnanger kommune vedteke 20.02.03 vert det gitt fylgjande uttale:

Samnanger kommune er positiv til tiltaket då det gjev småkraftprodusentar tilgang til overføringsnett. Fuglelivet i område må ivaretakast på ein forsvarleg måte. Ein ber difor om at det gjennomførast tiltak på kraftleidningen som ivaretar dette.

Handsaming i møte:

Det vart drøfta om det var mogleg å leggja lina nærare den planlagde 420 kV-lina på den siste strekninga inn mot Børdal. Samnanger kommune ønskjer å få lina bort frå veggsideanlegg m.m. i Mørkhølen.

Vedtaket med eit tillegg i samsvar med drøftingane vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i § 4.2.01 i Delegasjonsreglement for Samnanger kommune vedteke 20.02.03 vert det gitt fylgjande uttale:

Samnanger kommune er positiv til tiltaket då det gjev småkraftprodusentar tilgang til overføringsnett. Fuglelivet i område må ivaretakast på ein forsvarleg måte. Ein ber difor om at det gjennomførast tiltak på kraftleidningen som ivaretar dette.

Det er eit ønske om at lina vert flytta nærare den planlagde 420 kV-lina på den siste strekninga inn mot Børdal. Samnanger ønskjer å få linja bort frå veggsideanlegg m.m. i Mørkhølen.

0009/09

NY UTBYGGING I SAMNANGERVASSDRAGET.**UTTALE TIL MELDING MED FORSLAG TIL UTREDNINGSPROGRAM****Framlegg til vedtak::**

Med heimel i § 4.2.01 i Delegasjonsreglement for Samnanger kommune vedteke 20.02.03 uttales følgende:

Meldinga vurderast å gje eit tilfredsstillande utgangspunkt for konsekvensutgreiingsprogram.

Ein kan på dette tidspunkt ikkje peika på spesielle tema eller problemstillingar som ikkje synes ivaretatt. Ved gjennomgang av meldinga kom ein likevel fram til følgjande spørsmål i tilknytning til dei ulike tema:

I meldinga står det at ein ynskjer ein endring av LRV (lågast mogleg vasstand) frå 188moh til 181moh. Det er ønskeleg at konsekvensane med denne endringa synleggjerast.

Tysseelva har i dag ei minstevassføring på 1.2 kubikk vinterstid. Ein ønskjer å få utreda om dette er nok til at smolten kjem seg ut av elva om våren, og konsekvensane av eventuelt lågare vasstand.

Handsaming i møte:

Utvalet vil at det i konsekvensutgreiingsprogrammet også skal takast med undersøkingar om biologiske og hydrologiske tilhøve i sjøen.

Verknader av bygging av kraftline må og gå fram av konsekvensutgreiinga.

Det vart fatta eit samrøystes vedtak.

Vedtak:

Med heimel i § 4.2.01 i Delegasjonsreglement for Samnanger kommune vedteke 20.02.03 uttales følgende:

Meldinga vurderast å gje eit tilfredsstillande utgangspunkt for konsekvensutgreiingsprogram. Ein kan på dette tidspunkt ikkje peika på spesielle tema eller problemstillingar som ikkje synes ivaretatt. Ved gjennomgang av meldinga kom ein likevel fram til følgjande spørsmål i tilknytning til dei ulike tema:

I meldinga står det at ein ynskjer ein endring av LRV (lågast mogleg vasstand) frå 188moh til 181moh. Det er ønskjeleg at konsekvensane med denne endringa synleggjerast.

Tysseelva har i dag ei minstevassføring på 1.2 kubikk vinterstid. Ein ønskjer å få utreda om dette er nok til at smolten kjem seg ut av elva om våren, og konsekvensane av eventuelt lågare vasstand.

Biologiske og hydrologiske spørsmål tilhøve i sjøen må sjåast på.

Verknader av bygging av kraftlinje må og gå fram av konsekvensutgreiinga.

0010/09

BYGGJESAK NAUST GNR 25, BNR 157.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå planføresegnene for kommuneplanen punkt 8.3.

Med heimel i plan og bygningslova vert det ikkje gjeve byggjeløyve for naust på gnr. 25 bnr.157 på Steinsland.

Handsaming i møte:

Administrasjonssjefen trekte andre punkt i framlegg til vedtak.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå planføresegnene for kommuneplanen punkt 8.3.

0011/09

DELINGSSAK GNR 26, BNR 12.

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for deling i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og § 93 vert det gjeve delingsløyve for to bustadtomter på Gnr. 26 Bnr. 12 i Samnanger Kommune.

Handsaming i møte:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for deling i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og § 93 vert det gjeve delingsløyve for to bustadtomter på Gnr. 26 Bnr. 12 i Samnanger Kommune.

0012/09

SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA RIDEBANE PÅK GNR 19, BNR 8.NORDVIK

Framlegg til vedtak::

Med heimel i gjeldande kommuneplan vert det ikkje gjeve byggjeløyve for ridebane på Gnr.19 Bnr.8 i Nordvik.

Med heimel i jordlova § 9 vert det ikkje gjeve omdisponering av arealet.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart vedteke mot 1 røyst.

Vedtak:

Med heimel i gjeldande kommuneplan vert det ikkje gjeve byggjeløyve for ridebane på Gnr.19 Bnr.8 i Nordvik.

Med heimel i jordlova § 9 vert det ikkje gjeve omdisponering av arealet.

0013/09

RIVING AV EKSISTERANDE BUSTAD / OPPFØRING AV NY GNR 5, BNR 3.

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå bygging i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve rivningsløyve for gamal bolig, samt byggjeløyve for ny. Byggjeløyve ver gjeve i samsvar med søknad av 02.03.09.

Med heimel i "Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg" §4 vert det gjeve utsleppsløyve. Utsleppet skal gå via 4m³, 3 kamra slamavskillar til djup sjå, avløpet må leggjast noko lenger ut enn omsøkt.ca. 100 m.

Handsaming i møte:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå bygging i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve rivningsløyve for gamal bolig, samt byggjeløyve for ny. Byggjeløyve ver gjeve i samsvar med søknad av 02.03.09.

Med heimel i "Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg" §4 vert det gjeve utsleppsløyve. Utsleppet skal gå via 4m³, 3 kamra slamavskillar til djup sjå, avløpet må leggjast noko lenger ut enn omsøkt.ca. 100 m.

0014/09

DISPENSASJON I BYGGJESAK GNR 34, BNR 34C.

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsforskriftene for Eikedalen Hyttetun til å byggja reisverkshytte i staden for lafta tømmerhytte.

Dispensasjonen gjeld for tomt 34c.

Administrasjonssjefen får fullmakt til å handsama framtidige tilsvarande spørsmål for dette feltet.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsforskriftene for Eikedalen Hyttetun til å byggja reisverkshytte i staden for lafta tømmerhytte.

Dispensasjonen gjeld for tomt 34c.

Administrasjonssjefen får fullmakt til å handsama framtidige tilsvarande spørsmål for dette feltet.

0015/09

VURDERING AV VERN AV EIKEDALSVASSDRAGET.**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Det vart reist spørsmål ved om Helga Nygård var ugild ved handsaming av denne saka. Ho gjekk frå møtet då spørsmålet vart drøfta. Utvalet fann mot 1 røyst at Nygård var ugild. Utvalet drøfta saka og samla seg om eit vedtak.

Vedtak:

Spørsmålet om oppheving av vern av delar av Eikedalsvassdraget vert ikkje teke stilling til før det er utarbeidd ein samla plan for småkraftutbygging i Samnanger. Administrasjonen utarbeider prosjektplan og legg denne fram for naturutvalet. Me legg til grunn at plan for småkraftutbygging er ferdig i 2010.

0016/09

KOMMUNALE VEGAR.**Handsaming i møte:**

Det vart vurdert om Helga Nygård og Gunnveig Loe var ugild ved handsaming av denne saka. Dei gjekk frå ved handsaminga av dette spørsmål. Utvalet vedtok mot ei røyst at dei var ugilde.

Leiaren sette fram framlegg om at saka skulle utsetjast.

Vedtak:

Saka vart utsett til neste møte.